

## Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse – evaluering

Høgskulen i Volda skal evaluere utviklingsprosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse*. Evalueringa skal gå ut på å:

- Følgje med i prosjektet – samle informasjon, erfaringar, døme
- Omtale og kommentere erfaringar, døme og kunnskap frå prosjektet/ordninga
- Gi tilrådingar om korleis arbeidet på feltet kan bli betre og vidareutviklast, både lokalt, regionalt og nasjonalt
- Delta på samlingar og formidle frå evalueringa

Evalueringa skal bidra til utforming av planar og tiltak for å sikre kunnskapsoverføring og kompetansebygging, også retta mot kommunar og fylkeskommunar som ikkje er med i ordninga/prosjektet.

Problemstillingar/spørsmål som vil vere sentrale i evalueringa (lista er ikkje uttømmande):

- Kva ligg til grunn for val av tiltak/aktivitetar/prosjekt i fylkeskommunar og kommunar?
- Kven er målgruppene, og kvifor er desse målgruppene valde?
- Korleis arbeider kommunane med medverknadsprosessane? Kvifor arbeider dei slik?
- Kven er involverte i arbeidet, og kvifor?
- Kva er erfaringane med medverknadsprosessane?
- Korleis vert medverknadsprosessane kopla til kommunale plan- og avgjerdss prosessar?
- Korleis er samarbeidet med universitet/høgskular lagt opp?
- Kva er erfaringane med samarbeidet mellom kommunale prosjekt og høgskular/universitet?
- Korleis vert utviklingsarbeidet i kommunane kopla til utdanningane ved høgskular/universitet?
- Kva er erfaringane hos utdanningsinstitusjonane?

Hovudaktivitetane i evalueringa er følgjande:

### A. Dokumentgjennomgang

- Søknader om deltaking
- Dokument frå dei regionale evalueringane
- Rapportar/delrapportar frå kommunar, fylkeskommunar og høgskular/universitet

Oversikta over aktuelle dokument er ikkje uttømmande. Det kan vere fleire dokument knytte til ordninga, og dei regionale og lokale prosjekta, som kan vere aktuelle å inkludere i evalueringa.

### B. Deltaking på regionale og nasjonale samlingar

Gjennom deltaking på regionale og nasjonale samlingar, vil vi få innspel til evalueringa gjennom:

- innlegg som kommunar og fylkeskommunar har på samlingane
- å intervju/snakke med representantar frå kommunar, fylkeskommunar og andre som er på samlingane

Samlingane skal også brukast til å formidle frå evalueringa, etter kvart som vi har samla erfaringar og kunnskap som kan vidareformidlast.

### C. Supplerande intervju/samtalar med ulike aktørarar som er med i utviklingsprosjektet

I tillegg til dei samtalane vi kan gjennomføre under dei regionale og nasjonale samlingane, kan det vere nødvendig å supplere med å intervju aktørarar, som vi ikkje møter under samlingane. Det vil vi gjere i form av telefonintervju. Vi ser for oss at politikarar, representantar frå frivillig sektor og andre samarbeidspartar i dei lokale utviklingsprosjekta i liten grad er med på samlingane, men dei er likevel viktige informantar med tanke på å få fram erfaringar med utviklingsprosjekta.

### D. Formidling og tilrådingar

Eit sentralt element i evalueringsoppdraget er å formidle frå prosjektet og frå evalueringa, og å kome med tilrådingar undervegs og når tilskottordninga/prosjektet er avslutta. Det gjeld både overfor deltagande fylkeskommunar/kommunar og andre kommunar/fylkeskommunar.

Dosent Randi Bergem, ved Høgskulen i Volda, er prosjektleiar.